

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2020**

**Jeanette Syversen (R)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 6:

EØS-avtalen, er ikkje ein forutsetning for internasjonalt samarbeid. Frihandelsavtalen frå 1972 gjev og tilgang til marknaden, utan ulempene som følgjer av fri flyt av arbeidskraft, varer, tenester, energi og kapital.»

**Aleksander Øren Heen (Sp)** sette fram slik protokollmerknad:

«Sp røystar ikkje for framlegga til H og Raudt om EØS grunna ordlyden som fastset EØS-avtala som det viktigaste samarbeidet. Sp presiserer at vi ynskjer å nytte handlingsrommet avtalen gir så lenge vi er ein del av den.»

### **Avrøysting**

Innstillinga punkt 1 til og med 5 vart samrøystes vedteke.

Syversen sitt forslag fekk 8 røyster (R, SV, PP og 1 FNB) og fall.

Innstillinga punkt 6 vart vedteke mot 17 røyster (SV, R, PP, 1 FNB, 9 SP)

### **Vedtak**

1. Fylkestinget vedtek Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024 med slik endring: Avsnitt 2.1.1. under "I kost/nytte vurderinga skal ein legge vekt på om samarbeidsaktivitetane bidreg til å:" - Stoppe klimaendringane og tap av naturmangfaldet
2. Vestland fylkeskommune sitt internasjonale engasjement skal vere integrert i regionale planar, temaplanar og strategiar.
3. Fylkesrådmannen får i oppdrag å utarbeide ei politisk sak om bruk av samarbeidsregionar.
4. Alle sektorar skal prioritere sine internasjonale aktivitetar i samsvar med strategi for internasjonalt samarbeid.
5. Fylkeskommunen får aukt kompetanse gjennom samarbeid med aktørar som jobber for berekraftig utvikling også utanfor Europa. Derfor skal fylkeskommunen utrede moglegheita for internasjonalt samarbeid gjennom NOREC, og søke om midlar til prosjekt som er relevante for fylkeskommunen.
6. EØS-avtalen er hovudfundamentet i Norge sitt internasjonale samarbeid. EØS-avtalen er derfor avgjerande for gjennomføring av strategien for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024. Vestland fylkeskommune skal aktivt nytte ut dei mulegheitane EØS-avtalen opnar for.

### **Protokollmerknad frå Aleksander Øren Heen**

Sp røystar ikkje for framlegga til H og Raudt om EØS grunna ordlyden som fastset EØS-avtala som det viktigaste samarbeidet. Sp presiserer at vi ynskjer å nytte handlingsrommet avtalen gir så lenge vi er ein del av den.